

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - Juni 2023 55. årg.



Glede og begeistring



Grøn dag

side 13



Ny ungdomsleiar

side 25



Helgeland Folkehøyskole

side 7



Søndagstreff

side 18

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkja.no
e-post: kyrjekontoret@timekyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Time
Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland tlf. 401 68 422
Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf 990 26 276
Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198
Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806
Kyrkjetenar ved gravferd: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
Administrasjonleiar: Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850
Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar: Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825

Undheim
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Framsidedfoto: Reidun Jane Heskestad

Utgitt av: Time kyrkjelege fellestråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellestråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 23. august.

Redningsmannen

Mange av Helgedagens lesere har sikkert vært på Preikestolen. Dersom du skulle være så uheldig og falle på kanten av stupet, trenger du ingen gud som blir for enkel. Du behøver ingen gud som bøyer seg over kanten. Som stryker deg over ryggen og sier at du er så flink. Så god og snill. Og så sterk. Nei, da vil du trenge en redningsmann. En sterk arm som løfter deg opp og lar deg stå på sikker grunn.

Jeg stoler på en redningsmann som er sterkere enn det jeg er. Som kristen er jeg ikke nødvendigvis mer lykkelig. Jeg får ikke svar på alle de spørsmål som plager meg. Og livet er mye mer krevende enn hva jeg kunne ønsket meg.

De siste årene jeg arbeidet som feltprest, fikk jeg muligheten til å møte en yrkesgruppe som kalles redningsmenn. Dette er faktisk et eget yrke i Luftforsvaret. Jeg var ute på båt med kystvakta, langt utenfor Finnmarkskysten. Besetningen om bord skulle øve på en redningsaksjon. Siden jeg skulle i land den dagen, fikk jeg lov å bli med opp i helikopteret. Med andre ord: Det var jeg som skulle berges.

Jeg sto klar ute på dekket. Jeg så redningsmannen høyt der oppe i dørråpningen til helikopteret. Og jeg tenkte: Åssen skal dette gå? Jeg har jo sånn høydeskrekk. Før jeg fikk roet meg ned, sto redningsmannen på dekket. Han forklarte meg hvor jeg skulle stå og hva jeg skulle gjøre. Det var avgjørende viktig at jeg holdt meg i ro. Jeg fikk et belte rundt livet. Deretter ble jeg løftet opp med et stramt rykk.

I Salmenes bok brukes det mange bilder på Gud. Det som gjentas ofte og med ulike ord har gjerne en stor betydning.

Hvilket bilde av Herren har du særlig bruk for i dag?

«Herren er mitt berg og min borg og min befrier, min Gud er klippen der jeg søker tilflukt. Han er mitt skjold og min frelse, min styrke og mitt vern» (Sal 18,3).

Yngvar Nilsen
Sokneprest Time



Då eg feira 45 års-dagen min, fekk eg ei heilt spesiell gåve. Eg feira dagen på Fotland Mølle saman med ein stor flokk gode venninner og jenter eg er i familie med. Eg hadde spurt Heidi Strand Harboe om å lesa teksten «Kyrie» for oss. Heidi sa ja, som alltid. Då ho gjekk fram, kom den store overraskinga: Ein eigen salme til meg, «Morgonsalme». Å få ein salme i bursdagsgåve var stort! Og ein så flott salme som eg kjende meg så heime i. Eg fann ut at Heidi kjende meg betre enn eg trudde. Og mitt eige bibelvers var med: «I stille og tillit skal dykkar styrke vera» Jesaja 30,15.



Inger Bakke Berge

Etter at Heidi hadde lese salmen, kom Anne Kristine Røthing med gåve nr to: Melodi til salmen. Ho gjekk fram og song salmen for oss på sin vakre melodi.

Denne gáva betyr mykje for meg. Salmen heng på veggen her heime, kalligrafert av ei anna venninne, Herborg Kverneland. Å leva nær Gud i travle og stille dagar og lena meg i bøn mot Han i tillit, der finn eg mi kraft, min tillit og min styrke. Midt i Guds djupe kjærleik. Det er ei stor glede å få dela MIN salme med dykk alle.

Morgonsalme
T HEIDI STRAND HARBOE 2001
M ANNE KRISTINE RØTHING 2001

Her- re, da - gen kjem med ny - e ti - mar fylt med
tan - kar, lengs-ler, liv og tid. Møt meg, Her - re,
la meg all - tid ve - ra ro-leg nær deg, midt i ti - da
mi. La meg bu i da-gen som skal ko - ma, la meg
ro - leg ta i - mot og gje, ve - ra le - van - de og trygg og
o - pen, vå - ga stå i storm, i til - lit ril din fred.
For til - lit skal ve - ra min styr - ke.

1 Herre, dagen kjem med nye timar
fylt med tankar, lengsler, liv og tid.
Møt meg, Herre, la meg alltid vera
roleg nær deg, midt i tida mi.
La meg bu i dagen som skal koma,
la meg roleg ta imot og gje,
vera levande og trygg og open,
våga stå i storm, i tillit til din fred.

For tillit skal vera min styrke.

2 Herre, alle desse du har gitt meg,
alle dei eg skal få vera nær,
la meg røra dei med opne sansar,
våga vera hos dei der dei er.
Ja, til alle eg i dag skal møta,
la meg bera med meg lys og salt.
Gje meg mot nok til å sjå og høyra,
til å dela varmen min der det er kaldt.

For tillit skal vera min styrke.

3 Herre, takk for dagen som skal koma,
la meg ta imot han slik han er.
Hjelp meg, Herre, så eg vågar vera
midt i dagen, vakent leva der.
Og i travle timar og dei stille,
bare lena meg i bøn mot deg.
Ver mi kraft, min tillit og min styrke,
la din sterke, djupe kjærleik fylla meg.

La tillit få vera min styrke.



Kyrkjeringane på Bryne – del 3

Kyrkjeringane på Bryne hadde frå tidleg 1960 - talet vore pådrivarar for å få bygt ei arbeidskyrkje. Deira bidrag var både å samla inn pengar og stor dugnadsinnsats då byggjeprosessen kom i gang. Målet vart nådd 16. september 1979 då biskop Sigurd Lunde vigsla Bryne Arbeidskyrkje.

TEKST OG FOTO: ARNFINN VIGRESTAD

Kva skjedde så med kyrkjeringane etter at kyrkja var reist og stod der i all si prakt? Det ville jo vera naturleg at noko av lufta «gjekk ut av ballongen», men så skjedde ikkje. Her var nok av oppgåver å ta fatt på vidare. Kyrkja trong inventar av ulikt slag, og det vart naturleg for kyrkjeringane på 1980- og 1990 talet å bidra. Spesielt ting til kjøkkenet vart kjøpt inn og gitt frå kyrkjeringane.

Julemessene har òg vore ei viktig inntektskjelda for kyrkjelyden i alle år, og her har kyrkjeringane bidratt på ulike måtar, både i praktiske førebuingar og ved å gje ting til messa og basaren. Det kunne vera sjølvlagde ting eller noko som vart

kjøpt inn: middags- og kaffiservise, vaffeljern, elektrisk vekt, elektrisk steikepanne for å nemna noko.

Det er viktig å få klart fram at kyrkjeringane ikkje berre var opptekne med å samla inn pengar. Det sosiale og åndelege fellesskapet var minst like viktig. Her kunne ein møtast i eit godt og trygt fellesskap og ta opp og dela både private og åndelege spørsmål.

Åra gjekk og medlemmene i kyrkjeringane byrja verta eldre. Ein hadde vanskar med å rekruttera nye og yngre folk. Det gjorde at når me kjem inn på 2000 - talet, så vert ein del av kyrkjeringane lagde ned. Så kom koronaen som ei tid gjorde

at folk ikkje kunne samlast på naturleg måte rundt om i heimane. Resultatet vart at blant anna Nylandsringen, ein av dei eldste av kyrkjeringane som då framleis dreiv aktivitet, ikkje kom i gang att etter at epidemien var over. Dei få, som framleis var med, fann ut at no var tida komen for å avslutta arbeidet – Nylandsringen var historie.

Kva så i 2023? Finst det kyrkjeringar att på Bryne?

Ja, Helgedagen vart for ei tid sidan invitert til eit møte i kyrkjeringen som Oddveig og Sverre Lima er kontaktpersonar for. Då eg kom, sat medlemmene til bords og hadde seg mat. Maten og den gode drøsen



Kyrkjeringane på Bryne. Frå venstre: Christian og Liv Lye, Evy og Ivar Lygren, Oddveig og Sverre Lima, Oddvar og Guri Bergsaker Stokkeland og Kari Gulstad Oma.

er viktig, vert det understreka av deltakarane rundt bordet.

Kor ofte har de samlingar?

Me møtest ein gong i månaden. Samlingane går på rundgang og opplegget er ganske det same. Forutan mat, set me av god tid til bibellesing og samtale. Det sosiale fellesskapet har òg stor verdi og er ein viktig faktor som gjer at me held fram med å samlast. For oss har dette meir og meir vorte ei bibelgruppe, men me kallar

oss framleis for kyrkjering. Til kvar julemesse bidreg me med ein gevinst til basaren. Dei fleste av oss har vår åndeleg heim i Brynekyrkja og derfor betyr kyrkja og arbeidet der svært så mykje for oss!

Helgedagen sin utsende opplevde ved sjølvsyn at medlemmene såg ut til å trivast i lag. Humøret var på topp og det var ikkje vanskeleg å forstå at her var det godt å vera – på alle vis!

I snart 60 år har kyrkjeringane på Bryne vore ei viktig støtte for kyrkjelydsarbeidet på Bryne. All ære til dei som opp gjennom åra har bidrege, på ulik vis, til at me i dag har eit flott kyrkje sentralt i byen, og eit rikt og velfungerande arbeid i kyrkjelyden!

Det kan Time kommune og innbyggjarane vera stolte av.

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Nytt frå kyrkjeveerje

Gunnar Bjorland Stone, som har vore tilsett som kyrkjeveerje i Time frå april 2017, har fått innvilga permisjon for å prøva seg i anna arbeid ut inneverande år. Assisterande kyrkjeveerje Siri Vik er konstituert kyrkjeveerje i hans fråvær.

Oda Vik Straume er tilsett som ungdomsleiar i Time. Ho byrja i 40 % stilling 15. februar og i full stilling frå 1. mai. Oda vil ha ansvar for å vidareutvikla og driva ungdomsarbeidet i Bryne ,

fylgja opp ungdomsarbeidarane og delta i ungdomsarbeidet på Lye og Undheim. I tillegg til dette skal ho òg vera med i konfirmantarbeidet. Me er glade for å ha fått henne med på laget. Planarbeidet med utvidinga av Bryne kyrkje er godt i gang. Me har fått første skisse frå arkitekt og arbeidet med omregulering av tomte er i gang. Påbygget vil gje rom til barnehage, kyrjekontor og fleirbruksrom. Eit spanande prosjekt me gler oss til å arbeida vidare med.

Sommarminne

TEKST: ERNA STABEL



Sommerminnet som ble en gave jeg aldri glemmer. På slutten av skoleåret 1995 fikk Lye skole besøk av utsendinger fra Kirke - og Undervisningsdepartementet og skolesjefen vår med flere.

Jeg hadde håndarbeid den dagen, og elevene hadde laget ryggsekker av medbrakte dongeribukser. De ferdige ryggsekkene var veldig fine med applikasjoner i flere farger.

En av de "høge herrer" fra Oslo kom bort til meg og spurte: "Hvor har du din tilleggsutdannelse fra?" Da kom skolesjef Tostensen meg til hjelp. Han sa at jeg ikke hadde formell utdannelse, men hadde vært vikar i skolen i bortimot 20 år og underviste i alle fag på alle trinn. "Søk om dispensasjon! Dere skal få det", sa han. Da jeg fikk sommerferie det året, hadde jeg fått mitt største ønske fra ungdommen oppfylt. Jeg var lærer og papirene var i orden! Jeg fortsatte som lærer til jeg gikk av som 68-åring og gledet meg til å gå på jobb hver dag. Gilde kollegaer og flotte elever.

TEKST: LIV HELENE HÅLAND



Eit godt minne treng ikkje vera frå lange reiser eller eksotiske stader. Det kan vera på heimlege trakter. Somme tider kan me oppleva heilt spesielle stunder nær ved, og andre gonger får me dei langt borte.

Minnet mitt er frå langt borte, frå Grønland, i 2010. Opplevingane var mange på den turen, og me hadde sommarvêr av beste sort. Noko av det som var så fint var stilla. Bortsett frå i hovudstaden Nuuk, var der nesten ikkje bilar. Ferdsle gjekk på fjorden - eller til fots. Ut frå Nuuk reiste me ein dag mot Isfjorden, i grauttjukkk skodde. Vêret skein opp, og stille fjord med isfjell møtte augo våre. Båten tok oss med så langt me kunne koma for is - inn mot innlandsisen. Motoren vart slegen av, og der låg me mellom isfjella og kunne nesten kjenna stilla. Berre sjøen som surkla mot båten, sol, vindstille - ikkje bilar eller trafikkus eller fly. Berre oss på sjøen der mellom isfjella!



Skuleår som har sett varige spor

Hei, eg heiter Renate, er 20 år og kjem frå Lye. Dette året er eg på Helgeland Folkehøyskole som ligg langs vakre Helgelandskysten. Her går eg på linje Global Misjon der eg har fått muligheten til å få både solid bibelundervisning på skulen, og få vera to månader i Israel! I tillegg har eg òg fått lov til å vera med og dela Jesu nestekjærleik, ved å hjelpe til i ulike kyrkjelydar her oppe i nord. Høgdepunktet for meg har likevel vore skuletur til Uganda!

TEKST OG FOTO: RENATE UNDHEIM



Klassen min var voluntørar i Watoto - ein barnelandsby, i to månader no i vår. Ein barnelandsby er små bukollektiv for barn som ikkje har familie. Det er ofte babyar som kjem - ja, til og med premature barn. I landsbyen bur det òg kvinner som har hatt eit tøft liv. Kvinnene får hjelp til å ta seg av barna og tilbod om å bli som ei «mor» for dei. Samfunnet gir på denne måten sårbare barn og kvinner eit verdig liv.

Mi sterkaste oppleving var nok å sjå utviklinga til eit av barna som kom til landsbyen i starten av vårt opphald. Då guten kom, verka det som om han hadde mykje vondt inni seg. Barnet slo, beit og laga alltid oppstyr ved at han ikkje var god mot dei andre. Me tenkte at dette var konsekvensen av måten han sjølv var blitt møtt. Barnet hadde hatt ein hard start på livet. I løpet av tida me var der, var det fantastisk å oppleve korleis oppførselen hans vart totalforandra. I møte med vår omsorg og kjærleik avtok sinne og frustrasjon. Han kjende seg akseptert og elska av både Gud og menneske. Han fekk vera den gode guten Gud hadde skapt han til å vera! Denne opplevinga sette varige spor i meg.

Når eg kjem heim på sommarferie, gleder eg meg til å bruka mykje tid saman med familien, samtidig som eg skal jobba ein god del. Dette året er eg ekstra motivert til å jobba mykje fordi no sparer eg til å reisa tilbake til Uganda - til alle dei søte «babyane mine!»



BØNEBOKA nr. 42

Vekk meg opp med song

*Kjærleiks Gud,
Når eg søv for lenge,
Når eg gløymer alle dine velgjerningar,
Då vekk meg opp!
Vekk meg opp med song,
Utan notar, utan taktslag,
kjærleikssong, bortanfor alle ord,
ein song om tru over all forstand.
Eg kan høyre tonen i hjartet mitt
når du vekker meg opp til ditt nærvær.*

Mechthild av Magdeburg (ca 1210-1280)



Denne boka gir fylldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.



NoS nr. 235

*Kved opp, Guds folk, syng høgt i kor!
No er det kvitsunnhelg på jord.
Guds Ande kjem med heilag glo,
Kved opp, Guds folk, med heilag ljod!*

Slik lyder 1. verset av denne pinsesalmen av Elias Blix frå 1875. Kvitsunn er det nynorske ordet for pinse og har sin bakgrunn i «kvite klede.» Pinse var i kyrkja tidleg den store høgtida for dåp, og dåpskandidatane skulle vera kledde i kvitt på dåpsdagen.

Når pinsedag var kyrkja sin viktigaste dåpsdag, var det fordi Apostelgjerningane kap. 2 fortel om massedåpen i Jerusalem. Då sa Peter i sin pinsetale, vers 41 : «Dei som tok imot bodskapen hans, vart døypte, og den dagen vart det lagt til omlag tre tusen menneske.»

- Pinse er kyrkja sin fødselsdag--, høyrer me ofte. Derfor er det tankevekkjande at Salmeboka vår bare har 13 pinsesalmer, og at ingen av desse er av nyare dato. Grundtvig og Blix har signert fleire. Våre nye salmeskrivarar er ikkje med her. Me er mykje betre oppdaterte på jule- og påskesalmer.

Vidar Kristensen avsluttar sin omtale i STEVNEMØTE MED SALMEBOKA slik: Åge Haavik, en av Norges fremste salmeekspertar, har sagt om denne salmen: «Skulle jeg peke på en pinsesalme som burde synges mer, så velger jeg Elias Blix 'Kved opp Guds folk, syng høgt i kor!'. Jeg tror man vil la seg begeistre både av tematikken Blix trekker opp, hans fine fortolkning av pinsehøytiden, og ikke minst av hans språk.»

SÅ VAKKER JÆREN ER

Utanfor i vest bryt havet inn mot land
Mot ei sju mil lange, låge strand med stein
og sand
Arne Garborg skriv, pennen hans er fri
Skildra himmel, hav og land, så varme sjelå mi

Refreng: Jæren det er mitt, Jæren det er ditt.
Me kjenne på det sama: her er høgt og godt og fritt
Me er heima her, og jærbu vil me ver
Saman kan me syngja: Du så vakker Jæren er.

Tur i mark og hei, lyng og timotei
Mosekledde steingard og ein nedgrodd kjerrevei
Bekk så sildra fram, stille tjern og vann
Tepperot og myrull, bekkeblom og løvetann

Himmel høg og blå, så langt som du kan sjå
Stundom full av skodd og skye, tung og mørkegrå
Regn og kalde vind, stryge mot ditt kinn
Sommar-sol med hav og strand så varme kropp og sinn

Lerkesang mot sky, mekregaug og myr
Sojens melankolske lyd, en vibeflokk og dyr
Solnedgang og kveld, skumring, stein og fjell
Stemning full av fantasi frå Veslemøy si tid

Jærens kjennetegn, himmellys og regn
Våren, lukt og gjødsellvogn, traktordur og mold
Arbeidsgleda stor, arv frå far og mor
Pågangsmot og handling, meir enn mange fine ord

– Åsulf Kvammen

Pensjonistreffet april, i Brynekyrkja – ein takk til dei frivillige

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Referat – tja? -- Men først og fremst ein takk til dei som ikkje fekk takk eller blomar denne ettermiddagen.

Dei frivillige som stiller opp i god tid, dekkar bord, pyntar, sørgjer for god kaffipause og ikkje minst eit solid program.

Elisabeth Vold stod for ryddig leiing. Arnfinn

Vigrestad introduserte ordførar Andreas Vollsund på ein festleg måte, før denne informerte om nytt i kommunen. Ingrid Kvammen, Sandnesbu frå Undheim, som nyleg mista mannen sin, lærte oss ein ny Jærsong han hadde skrive.

Åsulf var også Timebu. Derfor passar det godt at Helgedagen gleder lesarane med hans nye Jærsong denne sommaren. Og Ingrid ga oss også eit godt ord om Guds omsorg med på vegen: "Bakfrå og framanfrå omgir du meg, du har lagt di hand på meg". Salme 139.5

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper etter sommaren. Alle som er døypte i år får invitasjon i posten, men alle er velkomne til å melda seg på uavhengig av om ein har fått brev eller ikkje.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen frå kl. 10.30 annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen.

Påmelding via link eller QR-kode:

<https://app.checkin.no/event/51551/babysong>
Pinsefart



Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdjar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Småbarnstrall 1-3 år

Me har eit kjekt song- og musikk- tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkje, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Kl. 17.00-17.30

Påmelding i link eller via QR-kode:

<https://app.checkin.no/event/57400/smabarnstrall>

Datoar:

- 14. september
- 4. oktober
- 9. november



Tweens kick-off 31. august i Bryne kyrkje

Me vil invitera alle tweens til å koma på eit skikkeleg kick-off i Bryne kyrkje. Arrangementet er felles for alle frå Bryne, Time og Undheim. Alder er frå 3. klasse og oppover. Me får besøk av Sigbjørn Pedersen, òg kalla Zigmania. Han jobbar i sundagsskulen og elskar alt som eksploderer og flyr opp i lufta. Så dette kan bli ein skikkeleg spennande kveld, med sprell og moro. TT-koret skal syng for oss, og så skal me få presentert det tweens kan bli med på i kyrkjene vår. Til slutt blir det pizzafest! Kjenner du andre tweens som du vil ta med deg denne kvelden, er det berre å melde seg på og bli med. Arrangementet er gratis, men me ønsker at alle melder seg på slik at me får kjøpt inn nok pizza til alle



Meld deg på via link eller med QR-kode:

<https://app.checkin.no/event/57320/tweens-kick-off>



Kor kick-off 4. september, med besøk av Jarle Waldemar, i Bryne kyrkje.

Me har kjekke barnekor i kyrkjelydane våre, og vil starta semesteret med eit felles arrangement. Me får besøk av Jarle Waldemar denne kvelden. Kora som blir med er Jungelkoret i Brynekyrkja og Lye barnegospel på Lye forsamlingshus. Me har plass til fleire songarar og håpar mange har lyst til å prøve ut kora våre. Invitasjonar vert sende ut til 5-åringane i Undheim, Time og Bryne etter sommarferien. Andre aldersgrupper er også velkomne! Arrangementet er gratis, men me ønsker at alle melder seg på slik at me får kjøpt inn nok pizza til alle

Meld deg på via link eller med QR-kode:

<https://app.checkin.no/event/57295/kor-kick-off>



Krøllekveld

Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjene våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauene som forsvann og om den gode hyrde som leitar etter sauene sin, og borna får sjølv lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja!

Datoar:

- Bryne kyrkje 20. september
 - Time kyrkje 27. september
 - Undheim kyrkje 28. september
- Invitasjonar vert sende ut.

Påmelding i link eller via QR-kode:

<https://app.checkin.no/event/57397/krollekveld>



Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

- 0 år Dåp og dåpssamtale
- 0-1 år Babysong
- 1 år Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
- 2 år Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min»
- 3 år Krøllekveld
- 4 år 4 års klubb og utdeling av Barnebibel
- 5 år Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
- 5 år Adventsklubb
- 6 år Barnas påske og Orgelknappen

Barnefamiljar

Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

- 1. klasse Dåpsskule og Barnas påske
- 2. klasse Pinsefart
- 2. klasse Plan B - aktivitetsdag
- 3. klasse Tårnagenthelg
- 4. klasse På sporet av Jesus
- 5. klasse Tweens-Kick-off
- 6. klasse Lys vaken
- 9-13 år 9:13 i Bryne kyrkje
- 9. klasse Konfirmasjon



Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold

Utdeling av 4 års bok - barnebibel i Bryne kyrkje

I Brynekyrkja blir det i haust ein ny runde med utdeling av barnebiblar til 4 åringar. Dei som fyller 4 år i år og som ikkje var med oss på 4-årsklubb og gudsteneste med utdeling av barnebibel i mai, vil få invitasjon i posten. Det vert utdeling av 4 års-bibel i familiefokusgudstenesta sundag 24. september.



Påmelding i link eller via QR-kode:
<https://app.checkin.no/event/57439/gudsteneste-med-utdeling-av-4-%C3%A5rsbok--barnebibel>





Å gjera eige avfall om til næringsrik jord

21 engasjerte, spørjelystne har møtt opp i kyrkjestova i Bryne kyrkje til kompostkurs. Ketil og Brit Signe Fuglestad er klare med ulikt komposterbart avfall, og me lærer korleis kompostera og få eit godt resultat.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Gode tips som me fekk med oss:

- Start med å kompostera med god lufttilgang i behaldar: legg småpinnar i botn, så ei avis - fyll så på med matavfall, hageavfall m.m
- Fyll i kompostbehaldaren ved å laga ei grop midt i, hiv oppi t.d. matavfall og dekk over
- Innimellom er det nyttig å fylla på med strø av oppmalte greiner, tørre blad eller sagspon. Viktig å leggja på strø om komposten er fuktig
- Ein god kompostbehaldar skal ha varmgong og mykje makk
- Gras, ugras, heste-, kanin- og hønselort gir varme og gong i behaldaren
- Aske er verdifullt i komposten - veldig næringsrik

Avfall som bør behandlast spesielt:

- Appelsinskal - bør skjerast i småbitar,
- Kaffigrut - bør fjernast frå filter som går i restavfall - grut kan du òg strø direkte ut i jorda - kanskje jagar gruten sneglane?
- Eggeskal bør knusast
- Store bein kastar du i restavfall

For å hindra lukt - unngå for store mengder fiskeslo, rekeskal - komposter i porsjonar - frys evt.

Eit knippe av spørsmål frå deltakarane:

Kan eg ha kompost i ein haug i eit hjørne av hagen?

Det går, men det vert ein kald kompost. Varmen forsvinn og

du misser effekten varmgongen gir. Det tar lengre tid å bryta ned avfallet og ugrasfrø kan overleva.

Viktig: Dersom du skal kompostera matavfall, må du nytta ein isolert og tett kompostbehaldar - såkalla varm kompostering. Denne komposten blir meir næringsrik og ein er sikker på at ikkje skadedyr som t.d. rotter får tilgang til matrestar.

Det må ikkje vera for varmt i behaldaren, for då trivst ikkje makken. Har du over 60 grader i behaldaren, vil makken døye eller trekkja seg opp mot toppen og ut mot sidene. Makken får ikkje gjort jobben sin!

Fungerer kompostering om vinteren?
Ja, sjølv om det er lite organisk avfall som vert lagt oppi, er det normalt varmgong gjennom vinteren. Komposten kan frysa og prosessar stoppar, men starta igjen når det tinar.

Korleis bruka kompostjord?

- Når eg spar ut av behaldaren, tar eg ut det øverste ferske laget og legg dette til sides. Den ferdige komposten legg eg rundt bærbuskar, frukttre og planter, seier Ketil.

- Makk, andre "småtroll" og vatn vil dra næringa ned til røtene, tilføyer ein deltakar. Ketil set stor pris på makk, og til dei som manglar makk, seier han: "Kom til meg å få deg ei bøtta!"
- Fersk kompostjord inneheld ei spesiell syre som drep ugrasfrø. Ope jordfelt kan du dekkja med



God gang rundt og oppi Ketil sin kompostbehaldar.

kompost og såleis hindra ugras å veksa.

- Legg du eit dekke av gras oppå, vil makken kosa seg, seier Ketil med eit smil.

Kompostjord er for sterk til plantejord - må blandast med anna jord. Når kompostbehaldaren er tømt, legg ein på nytt kvist og avis i botn før ein legg tilbake den uferdige komposten som vart lagt til sides.

Skal eg "røra" i komposten?

Du kan blanda forsiktig, men ikkje røra mykje. Fyll på i grop i midten. Kor bør kompostbehaldaren stå? -Ikkje sett den nær eit vindauge der du luftar. Kan stå i sola.

Time kommune har ikkje lenger tilbod om lån av kompostbehaldar. Dersom du har godkjent kompostkurs, og vil starta med heimekompostering, kan du melda det til kommunen. Den brune bossdunken vert henta, og du får 25% avslag på renovasjonsavgifta. Du må sjølv skaffa deg kompostbehaldar. Du kan sjølvsgt kompostera heime utan å "missa" den brune dunken, i såfall får du ikkje avslag i avgifta. Kommunen har god informasjon om kompostering på heimesida si under "Heimekompostering"

«GRØN DAG» PÅ UNDHEIM

TEKST OG FOTO: SYNNØVE HATLE

No er det blitt tradisjon: NMS- foreiningane i Time arrangerer GRØN DAG i kyrkjeparken på Undheim tidleg i mai. Me er mange som planlegg våronna i hagen ut frå at det skal handlast blomar og andre grønne vekster - til inntekt for NMS. Område rundt kyrkja og kjellaren vert omgjorde til «hagesenter». Som tidlegare var det i år også ein flott stad å ta laurdags-lunchen, somme held seg til gulrotsuppa, medan dei meir våglege turte ta brenneslesuppe. Lappar ved elva, surdeigsbrød ved steingarden, kake inne, ja her var det berre å velje kva ein skulle ha til kaffien. Ungane fekk plante solsikke, og dei vaksne kunne også kjøpe med seg saft og syltetøy. Ja, det var endåtil nokre som starta på julehandelen sidan det var nokre riktig fine trefuglar å kjøpa.

Etter å ha handla og ete, var det utlodning. Smart måte å kjøpe lodd til supre gevinstar: Skriv namnet ditt på ein kvit lapp! Legg lappen i postkassen og så er du med på trekning. Alt dette gjekk føre seg medan me fleire gonger vart vart gleda med flott musikk av TOKT.

Til saman kom det inn kr. 65.630,- til NMS. Takk til alle dei som sår frø i januar, vatnar og passar på heile våren, dei som strikkar «mai-gryteklutar», saftar, syltar og baker. Takk til alle andre som på ulikt vis er med så det vert denne fine vårdagen i kyrkjeparken.



Di stemme tel i kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Ho tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt. Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan òg førehandsstemme fysisk til 8. september.

Husk å ta med med legitimasjon når du skal stemme. Eksempler på legitimasjon er pass, førarkort og bankkort med bilete. Minstekravet er at legitimasjonen må innehalde namn, fødselsdato og bilete. Tid og stad for førehandsstemming er:

Frå 10. august og fram til 8. september kan du førehandsstemme ordinært på papir her:
Time kyrkjekontor, Erlandsbakken 6, Bryne:
Måndag til fredag kl 09.00–14.00
Torsdag 31. august frå kl 17.00–20.00

Etter gudsteneste:
Time kyrkje, søndag 13. august rett etter gudstenesta kl 10.30
Lye forsamlingshus, søndag 20. august rett etter gudstenesta kl 10.30
Bryne kyrkje, søndag 3. september rett etter gudstenestene kl 11.00 og kl 19.00
Undheim kyrkje, søndag 3. september rett etter gudstenesta kl 10.30

På institusjon:
Bryneheimen og Sivdamheimen rett etter andakt/ gudsteneste. Tidspunkt vil bli annonsert på institusjonane og i våre kanalar når det er klart.

Arrangement for unge:
UngFokus, Bryne kyrkje laurdag 26. august.

Ambulerande stemmegiving:
Veljarar frå Bryne sokn, som fordi dei er sjuke eller uføre ikkje kan gi stemme der det elles er mogleg å førehandsstemme, kan då etter søknad til valstyret gi førehandsstemme der dei oppheld seg.

Søknad kan sendast til elo@timekyrkja.no innan 5. september. Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden. Det er for eksempel ikkje noko krav om at søknaden må vere skriftleg. Det må likevel gå fram av søknaden at veljaren er sjuk eller ufør og derfor ikkje i stand til å førehandsstemme ein annan stad.

To val
Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Til soknerådsvalet Bryne, Time og Undheim har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatar til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Det er høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

Godt val!



Visste du at...

Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 11. september.
Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemmer blir stemde inn i kyrkjevalet 2023.



Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Kandidatar til soknerådsval – Bryne sokn



1. Anne Brit Ree
Eg går i Brynekyrkja for der kjenner eg at eg høyrer heime! Møta Jesus som akseptere og elsker oss, saman med folk i alle aldrar.



2. Hans Tore Hetland
Dette ønskjer eg å arbeida for: Styrkja arbeidet for born og unge, der det skapast gode opplevingar samstundes så dei får læra meir om den kristne trua.



3. Heidi Strand Harboe:
Ei inkluderande og varm kyrkje for alle. Samfunnsengasjement og diakonalt fokus på dei svakaste. Engasjement for grøne verdiar.



4. Lars Tore Helgeland
Eg vil arbeide for ei open og vidtfamnande kyrkje som kan utfordre og engasjere!



5. Ruth Stabel Berg
Bryne kyrkje skal være en god plass for alle, med stor omsorg for hverandre.



6. Arne Espevik:
Dette ynskjer eg å arbeide for: Ei inkluderande kyrkjelyd



7. Helga Johannessen
Dette ønsker eg å arbeide for: Styrke kyrkja si verksemd på Bryne, spesielt blant born og unge. Styrke internasjonalt samarbeid. Gjere den grøne profilen tydelegare



8. Jan Erik Brudeli:
Dette ønsker jeg å arbeide for: At Bryne kyrkje skal ha et godt tilbud til barn og unge. At Bryne Kyrkje skal være et åpent og inkluderende fellesskap, der alle kan kjenne seg velkomne.



9. Arne Berge:
Ei open og inviterande kyrkje, aktivt gudstenesteliv, misjon, pilegrimsengasjement, trusopplæring for barn, ungdom og vaksne.



10. Elias Høie Hetland
Eg er oppteken av misjon og ungdomsarbeid, fordi eg syns det er viktig at alle skal få møte Jesus, både i Noreg og i andre land.



11. Oddmund Gravdal
«At kyrkja må bli eit godt og varmt fellesskap, også for dei som er åleine med si tru på Gud.»



12. Gunnhild Lande
At Bryne kyrkje blir tydelig som den åpne famns kyrkje, og at arbeidet må vokse for alle på Bryne.

Presentasjon av kandidatar soknerådsva Time sokneråd



1. Marianne Hauge
Inkludering, fellesskap, barn og unge. Fokus på å auke folk si kjensle av tilhørigheit og eigarskap til kyrkjelydane i Time sokn.



2. Willy Finnbakk
Eg vil fortsetta arbeidet med å utvikla aktivitetar og bygningar i Time og på Lye.



3. Jorunn Midbrød Ueland
Engasjert gudstenestliv. Inkludering og fellesskap. Trusopplæring med gode møteplassar for barn og unge. Fornying og vekst.



4. Sverre Risa
Barne- og ungdomsarbeid. Er oppteken av at der folk møter kyrkja sine tilbod/arrangement, må vera ei positiv oppleving.



5. Harald Auestad
Eg ønsker å arbeide for barn og unge.



6. Martin Berge
At ungdomsarbeidet på Lye skal blomstra og bli ein trygg plass for ungdommane til å samlast og læra om Jesus.



7. Steinar Knutsvik
Eg ønsker å jobba for at barn og unge skal ha trygge og gode fellesskap å vaks opp i.



8. Trond Sverre Heskestad
Er oppteken av den lokale kyrkjelyd som berebjelken i kyrkja. Vil arbeida for å styrke det lokale engasjementet.



9. Ingrid Eikeland
Eg vil at alle, frå barndom til alderdom, skal føla seg trygge og velkomne til kyrkja vår.



10. Bjørn Håland
Eg vil støtta alt arbeid som har som mål å få fleire unge med i alle delane av kyrkjelydsarbeidet.

Kandidatar til soknerådsva – Undheim sokn



Kari Haavardsholm
Ei aktiv kyrkje, for alle, i ulike aldrar og livsfasar. Barne- og ungdomsarbeidet. For dei over 60.



Per Arne Undheim
Eg brenner for ei trygg og inkluderande bygd. Kanskje kan ein aktivitet i kyrkja sin regi hjelpa til med dette.



Synnøve Charlotte Meling Gauksås
Barn og ungdom skal fortsatt oppleve at Undheim kirke er en kirke der de hører til og der de kan ha gode og viktige opplevelser.



Hanne Brit Sandmark
At kyrkja skal vera aktuell og til stades for alle, store og små, på Undheim gjennom alle fasane i livet.



Oddvar Undheim
Alle skal kjenna seg velkomne i kyrkja. Tilretteleggje for aktivitetar til alle aldersgrupper.



Tordis Sandvik
Eg ynskjer at kyrkja skal vere ein god og inkluderande plass for alle: Barn, ungdom, vaksne og eldre. Ein stad for fellesskap og tru.



Arnfrid Bjelland
Eg ønskjer at kapellet skal formidla Jesu omsorg for folk i alle aldrar og i alle livssituasjonar i bygda.



Ivar Risa
Barn og unge. Kyrkjelydsbygging. Samarbeid på tvers av organisasjonar.

Ny ungdomsleiar

Det er tilsett ny ungdomsleiar i Bryne/Lye/Undheim, og då er det fint å få ein prat for å bli litt kjend med henne.

TEKST/FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Oda Vik Straume fortel at ho er 25 år, oppvaksen på Ganddal. Etter vidaregåande hadde ho to år på Bibelskulen i Grimstad. Deretter gjekk vegen til Oslo, der ho tok ein bachelor i teologi og misjon på Fjellhaug Internasjonale Høgskole. Ho er gift med Henrik Vik Straume, og dei er no busette på Ganddal. Når ho ikkje er på jobb, er ho glad i å vera ute, gå tur, og strikka. Oda fortel at ho kjem frå eit vikariat som ungdomspastor i Bymenigheten i Sandnes. Der har ho vore sidan i haust, og dette arbeidet treivst ho svært godt med.

Kva var det som fekk deg til å søkja jobben her i Time?
Det var nok fleire ting, men det at ho likar så godt nær kontakt med ungdom, gjorde at dette såg ut som ein spennande jobb. At det er ein 100% fast stilling, er også eit stort pluss.

Kva blir ditt ansvarsområde i denne jobben?

Det blir å delta noko i ungdomsarbeidet både på Lye og Undheim, men hovudoppgåva blir i UngFokus i Brynekyrkja.

Jobben Oda hadde i Bymenigheten var ei deltidsstilling. Ho har difor allereie vore litt på jobb i Time, sjølv om ho formelt starta for fullt 2. mai.

Kva har du sett så langt?
Ho fortel at ho har blitt godt motteken når ho har vore innom dei ulike stadane. Det er fint å få helsa på folk og sjå kva som rører seg. Ho har møtt mange ivrige unge som vil noko, og tenkjer her er det mykje godt å ta tak i og føra vidare.

Korleis vil du ta fatt?
Oda understrekar at enno er alt nytt, og ho treng å gi både seg sjølv og ungdommane tid til å finna den gode vegen. Ho ser det som sin styrke at ho likar å setja seg ned med dei unge, lytta til kva



dei er opptekne av, samtala med dei og sjå dei. Så kan ho vera ei støtte og drivkraft, og den som kan gi retning i arbeidet. Det er også viktig at dei unge kan få ein relasjon til kyrkje og kyrkjelyd, at kyrkja er aktuell for dei. Ein slik relasjon kjem ikkje av seg sjølv, men må arbeidast fram over tid.

Er det noko du tenkjer me som kyrkjelydar kan gjera for at dette skal lukkast?
Det viktigaste er at de ber for ungdommane og for meg, seier Oda. Det hadde også vore fantastisk om nokon vaksne frå kyrkjelyden kom innom ein laurdag for å helsa på. Slik kan ungdommane sjå at det er ein kontakt mellom dei og det som skjer på søndagar i kyrkja. UngFokus samlast i Brynekyrkja laurdagar i partalsveker kl 20.00.



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)

Blå Kors

Laurdag 17. juni kl. 1900 i Bryne kyrkje

SOMMARKVELD

med JÆRKLING

-Kåseri v/Rolf Heskestad
«Villblomen- ei sanseleg glede»

-Siste nytt frå KPK-Ukraina
m/kollekt

-Matøkt

-Korsong, allsong og musikk



VELKOMMEN
FRÅ BYGD OG BY!

Smieparken 20.august kl.11

Friluftsgudsteneste med jubileumsbåt

Kvar sundag dei neste to åra rullar ein stafett frå kyrkje til kyrkje, fram mot 900-årsjubileet for Stavanger by, domkyrkje og bispedømme. Det vil seia: Stafetten ror på kyrkjeveg. Mottoet er «Me segler i same båt». Kvar sokn skal setja sitt merke på seglet.

Jubileumsrobåten kjem til Bryne sundag 20.august. Prosten er om bord. Sundagen si gudsteneste vil naturleg nok skje ved vatnet. Starten og avslutninga føregår i «Smieparken» med utsikt opp til Bryne kyrkje. Undervegs vert det vandring rundt Fritz Røed-parken med båten på vatnet, til musikk, bibeltekstar, song, danseopprinn og bønner. Gudstenesta endar i Smieparken med nattverd, velsigning og kyrkjekaffi med lappar og pølser.

Me ønskjer at dette skal vera ein open festdag i byen og ein festleg opptakt til jubileet."



Foto:
Andrea
Ribeiro

Velkommen til Kyrkjemiddag - for store og små i Brynekyrkja



Fredag 15. september og fredag 10. november.

Tacomiddag for heile familien
Samling og aktivitetar for barna
Kaffi og drøs for dei vaksne

Her får me koma til dekkja bord, middagen slepp me å laga sjølve. Aktivitetane er spesielt tilrettelagt for barnefamiliar, alle er velkomne, veldig kjekt om akkurat DU kjem !!!

Det er påmelding til arrangementet.
Lenke/QR-kode til påmelding kjem i forkant av kvar gong på www.brynekyrkja.no og på Brynekyrkja si Facebookside.





Velkomen til søndagstreff i Bryne kyrkje hausten 2023

Program:
Ringleik & allsong
+ kaffi & drøs i kyrkjestova kl. 18.00:
Gudsteneste i kyrkjesalen kl. 19.00

Datoar for hausten, merk dei av på kalenderen din:

Sundag 20. august, kl.18.00
Vanleg Søndagstreff

Tysdag 3. oktober, kl.18.00
Hausttakkefest i St. Petri kyrkje
NB! Vi arrangerer felles avreise. Det er påmelding på dette.

Sundag 22. oktober, kl. 18:00
Vanleg Søndagstreff
Sundag 19. november, kl. 18:00
Vanleg Søndagstreff
Sundag 10. desember, kl. 18:00
Vanleg Søndagstreff

Ser deg i kyrkja!
Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes

KVELDSGUDSTENESTER
Bryne kyrkje | Hausten 2023
Alle gudstenester startar kl.19



Møte som Set spor

Sundag 3. september Gudsmøte i musikken Korgruppa Shalom 30 år	Sundag 15. oktober Ukrainske og russiske møte Øyvind Nordsletten Musikk ved Ulvi Hasanli (fiolin) og Per Olav Egeland
Sundag 24. september Flyktningmøte Frode Klippen Musikk: Ukrainske musikantar	Sundag 26. november Sjømannskyrkjespor Tordis og Steinar Sandvik Musikk ved Klepp mannskor

Velkommen til kveldsgudstenester
med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring

Torsdagstreff i Bryne kyrkje

Program hausten 2023

21. september:
Torsdagstreffet starter haustsesongen med tur til Epleriet på Helgøy. Det blir ein spennande dagstur. Påmelding og meir info på nettsida til Bryne kyrkje, www.brynekyrkja.no

19. oktober kl. 14.30-16.30:
Flukten fra Kina v/Knut Aalgaard
Servering, songstund og andakt

16. november 14.30-16.30:
Å vokse opp som misjonærbarn v/Terese Bue Kessel
Servering, songstund og andakt

Velkommen





Innvandrertrøff

Her kan du komme, få nye venner og oppleve et mangfold av kulturer, samtidig med at du får øve deg på å snakke norsk.

Velkommen til Innvandrertrøff i Bryne kyrkje; Brynevegen 9, 4340 Bryne Hver tirsdag kl. 19:30–21:00

Datoer for høsten 2023

- 29. august (oppstart etter sommer)
- 5., 12., 19. og 26. september
- 3., 10., 17., 24. og 31. oktober

- 7., 14., 21. og 28. november
- 5. og 12. desember

NB! Er du nysgjerrig og vil vite mer?

Send en SMS til diakon Maria Praxedes Slettebø på mobil: 980 28 690

DET SKJER I TIME



Weekend for alle generasjonar

Lunden i Sokndal

Arr: Time sokneråd

Snart tid for weekend! Sett av datoen allereie no: 15. – 17. september 2023.

Time sokneråd ønsker å samle alle generasjonar frå Lye og Time til weekend med mykje leik og moro, og samtidig alvor og tid til å søke Gud i lag.

Det blir eit variert program som passar for born, ungdom og vaksne. Tidvis er vi i lag, alle, og nokre gonger har ungdommane og borna kvar sine opplegg. Ann-Carina og Leif Egil Rønaasen Reve blir med oss, og skal ha spennande og kjekt opplegg for oss på weekenden.

Leirplassen Lunden i Sokndal inneheld blant anna aktivitetshall, badeplass, fotballbane, kanoar, trøbåtar, flott natur og kiosk.

For meir info, så www.timekyrkja.no.



Fredagskveld på Kyrkjetoget Time kyrkje

15. september
kl. 20–22.

Kveldens gjest:
Oddmund Hognestad

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er samlingar med tid til drøys, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet. Komiteen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomiteén

SOMMER KONGEPARKEN 12. AUG

GI EN BILLETT
KR. 399
PR PERSON



GI EN SOMMEROPPLEVELSE

Sommeren er en vanskelig tid for barnefamilier med dårlig økonomi. Bli med oss å gi disse familiene en god opplevelse med et besøk i Kongeparken. En billett inkl. matkupong kommer på kr. 399,-

GI PÅ VIPPS 103540

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJE

WWW.FOK.NO



Søndagstreff

Ein gong i månaden er det Søndagstreff i Bryne kyrkje, ei samling tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.

TEKST/FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Denne søndagen er kyrkjestova fylt av ein fin flokk som tek varmt i mot meg, og ønskjer velkommen inn i fellesskapet.

Samlinga startar med song og musikk, og Anne Kristine og Hilmar Røthing leier songsamlinga. Dei er vikarar i dag, men har straks kontakt med gjengen. Her er det smil, glede og bevegelse til alt frå “Han Ola i Gudbrandsdalen” til “Jeg gikk en tur på stien” og mange fleire. Astrid Røthing og Anne Kristine gler oss også med eit par lyse, lette vårsongar på blokkfløyte og piano.



Astrid Røthing gleder oss alle med blokkfløyta si.

Etter song og lek er det matpause med kaffi, saft og julebrød med brunost. Menyen er alltid den same, populært og trygt! Praten glir lett rundt bordet, og i løpet av samtalen får eg vita at mange av deltakarane kjem kvar gong, og at dei har vore med i mange år. Her er òg nokre som er ganske nye, det er ekstra kjekt. Etter korona har det vore litt tregt å koma igang igjen, men denne søndagen er det ein fin gjeng på over 20 frå både Klepp

og Time som kjem. Neste gong er det avslutning for sommaren, med grilling på Undheim. Dette blir godt motteke når det blir annonsert, og mange er klare for å melda seg på med det same.

Litt historie
Søndagstreff tok til seint på 90-talet. Mange ulike slag tilpassa aktivitetar vart på den tida starta opp. Diakon Einar Steen Jakobsen og Anne Kristine Røthing såg behovet for ein type samling som kunne få unge med utviklingshemming til å trivast også i ein kyrkjelyd. Fleire frivillige leiarar kom med etter kvart. På det meste kunne det vera opp mot 20 deltakarar på Søndagstreff då også.

Korleis kom de fram til kombinasjonen songleikar, song, mat og gudsteneste, det er jo ei “sprek” blanding?
Anne Kristine fortel at for henne og mannen Hilmar, som også blei aktivt med, var det heilt naturleg. Musikk, song og dans har gitt dei mykje glede sjølve i alle år. Tanken var å ha noko som var kjekt, kontaktskapande og sosialt, i tillegg til gudstenesta.

Røthing sine er no ute av arbeidet for nokre år sidan, men grunnlaget som blei lagt, og malen ein brukte står seg enno: song/leik, mat og gudsteneste.

Tilbake til Søndagstreff i dag
Diakon Praxedes Slettebø er den som leier arbeidet no, også denne kvelden. Ho har også ansvaret for gudstenesta.



Elif Camur og Anne Kristine i godt samspel.

Kva som gir mest glede i dette arbeidet?
Praxedes fortel at det å sjå deltakarane koma igjen gong etter gong er fint. Det er også godt å oppleva at dei trivst saman, er smilande, rause og hjelpsame mot kvarandre. Det er ein levande gjeng som gir respons på det dei er med på. Det er også kjekt å arbeida saman med dei frivillige som gjennom mange år har hatt si faste teneste her. Ho er takksam for deira innsats, det er heilt avgjerande for å driva Søndagstreff.

Ser du nokre utfordringar? Ei utfordring er å gjera tilbodet kjend, særleg for yngre deltakarar. Det kunne også vera godt å ha tilgang på fleire frivillige, som kan vera



Astrid Røthing og Helga Hamre kosar seg rundt kaffibordet.



Diakon Praxedes Slettebø leier gudstenesta.

med dersom dei faste er forhindra. Her er det berre å melda seg, om ein trur det kan passa.

I kyrkja er det no tid for gudsteneste. På veg opp trappa blir praten rolegare, ei glad forventning breier seg til det som skal skje i

kyrkjerommet. Gudstenesta startar med prosesjon der kors, bibel og blommar blir borne inn. Så får me vera med på ei fin samling med gjennomarbeida, forenkla liturgi, som er tilpassa både i språk og form til brukargruppa. Både songar, bønner og forkynning gir

noko til alle. Preludium står Astrid Røthing for på blokkfløyte, saman med Anne Kristine på flygel.

Kanskje du kjenner nokon som kunne ha glede av å vera med på Søndagstreff? Her er eit ope fellesskap for alle!

Pilegrimsvandringar på Jæren - 2023

2. påskedag:	Pilegrimsvandring frå Sola til Stavanger
2. pinsedag:	Pilegrimsvandring til Krosshaug i Klepp – frå Bryne og Klepp
11. juni:	Pilegrimsvandring frå Egersund til Ogna
24. juni:	Jonsokvandring frå Nærland – Njærheimskrossen – Hå gamle prestegard
29. juli:	Olsokvandring frå Obrestad (1000-årsplatsen) – Varhaug gamle kyrkjegard. Gudsteneste der kl. 19:00
10. september:	Pilegrimsvandring frå Kyllingstad til Gjesdal
1. oktober:	Pilegrimsvandring frå Holmane – Ogna

For alle vandringane kjem det informasjon på Facebook: Pilegrim på Jæren

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Olavegen

På Auglendsfeltet heilt sør i Bryne går det ein liten gatestubb som er oppkalla etter Ola Auglend (1858-1948).

Ola heitte opphavleg Håland til etternamn, etter nabogarden der han vaks opp. Då han og kona Berta Tormodsdatter frå Forsand flytta til Auglend, skifta dei etternamn etter garden, slik skikken var den gongen.

Berta fødte eit barn i oktober 1895, men både ho og barnet døydde i barselseng. Ola gifta seg aldri igjen.

Bygdeboka «Time gard og ætt» fortel at då dei bar han ut for siste gong, såg dei at brurakransen og flosshatten framleis hang på kvar sin spikar i bua.

Heilt fram til i dag har det gått hermer etter Ola, som snakka eit «gammalfint» språk og bruka mange uvanlege formuleringar. Han hadde ikkje livsarvingar, men borna til broren, som budde på Hognestad, arva bruket. Utmarka i nord vart lagd ut til tomter for den veksande Bryne-byen, medan den dyrka marka vart lagd til eit nabobruk på Auglend.



Tur til Epleriet Helgøy

Den 21. september 2023 arrangerer Torsdagstreffet i kyrkja på Bryne busstur til vakre Ryfylke. Dette vert ein heildagstur, og me vert henta av Vigrestadbuss, som, etter at alle er ønskt velkomne ombord, set kursen mot Ryfylke.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

Første stopp vert i Årdal der me òg får oss ein strekk og ein kaffikopp før turen går vidare mot Helgøy. På Helgøy vert me tekne imot av gardsfolka som har utvikla ein moderne fruktgard. På heimasida deira kan me lesa fylgjande:

«I enden av den største frukthagen, med panoramautsikt over Fisterfjorden, ligg det nye selskapslokalet vårt. Etter ein konkurranse på Facebook blei navnet «Epleriet», noko som me syns passar godt til både historia og oss. Det begynte nemlig med eit eple for vår del. Me overtok ein fruktgard med epleproduksjon som var moden for oppgradering, og det «balla på seg» som me seier. Me fekk lyst å utvida produksjonen med pærer, og etterkvart også moreller. Til slutt kom altså selskapslokalet med både gardsutsal og kjøkken. Her produserer me vårt eige syltetøy, hermetiserer moreller og torkar eple. Nå har me fleire føter å stå på og trivst supergodt med variasjonane det gjev oss i kvardagen.»

Det er noko av dette me skal få oppleva denne dagen på Helgøy – historia til garden og omvising i frukthagane – sikkert med smaksprøver! I selskapslokalet deira får me òg servert herleg middag! Medan me er i Ryfylke, tek me og eit stopp hos ein lokal glaskunstnar før me kjører tilbake til Jæren og Bryne!

Bli med på ein flott og opplevingsrik dagstur til Ryfylke den 21. september.
Kyrkjekontoret tek imot påmelding!
Turen kostar 800 kroner.





En ferie å glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.

Gi din gave på **vipps 13130**




TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD.

JONSOKBLOM

Ein seier gjerne at kjært barn har mange namn. Kor kjær jonsokblomen er, kjem nok an på augo som ser. Jonsokblomen er vanleg i heile landet, og det er nok den viktigaste forklaringa på dei mange lokale namna som t.d. praktstjerne, fløyelsblom og sankthansblom. Har ein augo med seg, er det ikkje vanskeleg å finna denne fine blomen. Tar ein sjølv blomen nærare i augesyn, så ser ein fort at dette er litt av eit kunstverk. Jonsokblom høyrer til i nellikfamilien og trivst best i god jord. Han gleder oss med blomar frå mai og gjennom heile sommaren.



Det finst også ein kvit jonsokblom. Han er litt større og grovare enn den raude. Dei kvite blomane ser nesten visne ut om dagen, men opnar seg til kvelden. Då kjem det godluk frå blomen som trekk til seg

nattsvermarar, og slik sørgjer naturen for å føra blomelivet vidare.

Hjernetrim

HelgeKryssord 2/23



LAGA AV: GABRIEL TENGSAEID

Vassrett

- 1. Gamalt ordtak
- 12. Klatreplante
- 13. Trygg stad for born
- 15. Gjenskrall
- 17. Fylke
- 19. Kome .. på
- 20. Eldstaden
- 21. Magereion (omv.)
- 22. Farge
- 24. ... notam
- 25. Smørja
- 27. Fremste sitjeplass
- 31. Vedunderlege
- 33. Stamfar
- 35. Reiskapar
- 37. Prydbusk
- 40. Den Innøvde og praktiske dugleiken
- 41. Rovdyr

Loddrett

- 1. Ti
- 2. Nabobokstavar
- 3. Inngang/utgang i uthus
- 4. Stuten
- 5. Innhald
- 6. Slynplante
- 7. Ubehagelege
- 8. Deler
- 9. Pronomen
- 10. Lauvtre
- 11. Radon
- 14. Grei
- 16. Husdyr
- 18. Rubidium
- 21. Kjøkkenreiskap
- 22. Generalforsamling
- 23. Elver
- 24. Uttrykk for overrasking
- 26. Respekt
- 28. Gli
- 29. Paradisisk stad
- 32. Stad i Time
- 33. Vokalar
- 34. Igjen
- 36. Høgstemt lyrisk dikt
- 38. Plante i leppeblomfamilien
- 39. Donere



Løysing Helgedagen kryssord -2/23



BARNAS

Finn 10 fiskar

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.

Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar

Finn fem feil!

Her får disiplane masse fisk. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



SHALOM 30 ÅR!

Sanggruppa Shalom er 30 år i år! Det skal feires på kveldsgudstjenesten i Bryne kyrkje søndag 3. september 2023 kl 19.00.

TEKST: KIRSTEN JÆGER FJETLAND

FOTO: FRODE SKÅRLAND

Vi er heldige og får innlede høstens kveldsgudstjeneste-tema: «Møte som set spor». Shalom synger seg inn i temaet gjennom liturgi, sangandakt og sakrament.

Tretti år siden vi «tok ansvar» og organiserte en korgruppe for å bidra med sangen i et møte vi hadde ansvar for.

Tretti år med privilegiet å formidle Guds nåde og Guds nærvær til mennesker som lever hverdagsliv med gleder, seire, tap og sorg.

Tretti år med så mange forespørsler og muligheter; Deltakelse på gudstjenester, misjonsmøter, minnegudstjenester, salmekvelder, kvinnesamlinger, julebord og høytider i egne liv.

Tretti år med arrangering, organisering og øvelser for å synge samstemt og trestemt.

Tretti år med å ha felles ansvar og flat struktur, i visshet om at Oddny Underhaug akkompagnerer på piano og har arrangert et utall av sanger og salmer til oss,

og Anne Kristine Røthing alltid sier ja til å spille på munnspillet.

Vi gleder oss til å feire tretti med de som vil komme.



Frå venstre: Anne Kristine Røthing, Helga Johannessen, Oddny Underhaug, Torunn Undheim, Kirsten Jæger Fjetland, Maria Skrettingland Håland, Margreta Johannessen, Oddny Torvanger, Anne Grete Hognestad, Møyfrid Bjorland, Inger Bakke Berge, Irene Berg Hersdal

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata




FRETEX butikk Bryne
Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:
Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Opningstider:
måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00
telefon 400 37 151

Vi tar imot og sel:
Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.
Telefon 922 09 638

Opningstider:
måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00



DØYPTE


BRYNE KYRKJE
02.04.23 Jacob Aase Lerbrekk
Markus Aase Lerbrekk

TIME KYRKJE
25.03.23 Valentina Ellefsen Dias
26.03.23 Carmen Iversen Tegle
Iben Salte
Helle Salte
23.04.23 Ebbe Kro
Linne Lund Haugland
Matheo Skårland Håland
Nora Minde Winterhus
06.05.23 Ida Håland
Serina Nærland
Kommedal

UNDHEIM KYRKJE
09.04.23 Jon Egeland

LYE FORSAMLINGSHUS
19.03.23 Linus Ravndal Birkedal

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER
26.03.23 Leon Moe Ødegård – Sandnes kirke
09.04.23 Milia Engler-Bildøy – Klepp kyrkje
Helga Marie Håland Thorakaas – Ålgård kirke
23.04.23 Nora Asheim – Julebygda kapell



VIGDE

TIME KYRKJE
18.03.23 Jorunn Sandvik og Sveinung Nesse
25.03.23 Marit Grødem og Espen Skjong
29.04.23 Ane Lauvsnes Tunheim og Armin Avdidodzic

VIGSEL ANDRE STADER
22.4.23 Nils Undheim og Lillian Førland – Sola strand

FORBØNSHANDLING


TIME KYRKJE

KROGEDAL
begravelsesbyrå

51 97 29 00

DØGNVAKT

VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no



DØDE

Mars
Carina Baustad
Helga Steinnes
Elin Margareth Helmersen
Kjell Gunnar Kalberg
Sven Gudmund Serigstad
Lena Konstanse Lauritsen
Petra Sikveland
Torger Fjermestad
Hans Rolando Haver
Kjetil Eikje

April
Åsa Løge
Ådne Hognestad
Marton Arvid Tegle
Solveig Eggja
Reidun Haaland Gravdal
Aage Leo Billund
Ingfrid Henny Bjorland
Björg Skåra
Geoffrey Colin Parkes
Jan Arild Førland Gjerde
Erling Hadland

Vedtekter for gravplassane i Time


Time kyrkjelege fellesråd har revidert vedtektene for gravplassane i kommunen. Dei nye vedtektene er gjeldande frå 20. april i år og ligg på nettsida www.timekyrkjene.no/gravplass. Du kan òg få dei ved å ta kontakt med kyrkjekontoret.
Kyrkjeverje i Time

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

 Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	 Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	 REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reime.no • Tlf: 51 73 14 22
 EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	 VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	 PB PIZZABAKEREN Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	 DEN NORSKE KYRKJA	 Bryne Rør
 JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris	 Renovasjons-service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	 WACO Forsikringsmegling as
 PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	 REMA 1000 Håland	 Bøgh Lafoø BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT
 Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.no	 Byggelaget	 haver_
 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	 DEN NORSKE KYRKJA	 Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
 aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no	 SPAREBANKEN SØR	 KIRKENS NØDHJELP actalliance

Velkommen til gudsteneste



GUDSTENESTER I SOMMAR

11. juni Brynetorg	Treeiningssøndag	Matt 28, 16-20
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Jærdagsscenen. Fellesgudsteneste
11. juni	2. s i Treeiningstida	Matt 3, 11-12
Lye forsamlingshus	10:30 Gudstjeneste	Nattverd, barneandakt og aktivitetar for barna
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Gudsteneste med innslag frå Familiefokus.
18. juni	3. s i Treeiningstida	Luk 14, 15-24
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste	Dåp, Jungelgjeng
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste	Gullkonfirmantjubiläum
25. juni	4. s i Treeiningstida	Mark 10, 17-27
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, Nattverd
2. juli	5. s i Treeiningstida	Matt 7, 15-20
Time kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, Nattverd
9. juli	Aposteldagen / 6. s i Treeiningstida	Luk 5, 1-11
Bryne kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, Nattverd
16. juli	7. s i Treeiningstida	Luk 15, 1-10
Time kyrkje	10:30 Gudsteneste	Nattverd, Dåp
23. juli	8. s i Treeiningstida	Matt 6, 19-24
Bryne kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, Nattverd
30. juli	9. s i Treeiningstida	Matt 11, 28-30
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, Nattverd
6. august	10. s i Treeiningstida	Luk 5, 27-32
Bryne kyrkje	10:30 Gudsteneste	Dåp, Nattverd

Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.

Velkomen til
gudsteneste



GOD SOMMAR!

13. august

Time kyrkje

11. s i Treeiningstida

10:30 Gudsteneste

Matt 23, 37-39

Dåp, Nattverd, Førehandsstemming Kyrkjeval

20. august

Undheim kyrkje

12. s i Treeiningstida

10:30 Gudsteneste

Matt 6, 24-34

Nattverd, Sundagsskule

Lye forsamlingshus

10:30 Gudsteneste

Dåp, Nattverd, Barneandakt og aktivitetar for barna, Førehandsstemming Kyrkjeval

Bryne kyrkje

11:00 Gudsteneste

Dåp, Jungelgjeng, Jubileumsbåten kjem

Bryne kyrkje

19:00 Gudsteneste
etter sundagstreff

Alle velkomne.

27. august

Time kyrkje

13. s i Treeiningstida

11:00 Gudsteneste

Matt 25, 14-30

Konfirmantpresentasjon. Jubileumsbåten kjem

Bryne kyrkje

11:00 Gudsteneste

Nattverd, Jungelgjeng, Misjonsvindu

3. september

Undheim kyrkje

Vingardssøndag / 14. s i Treeiningstida

10:30 Gudsteneste

Matt 20, 1-16

Dåp, Konfirmantpresentasjon, Sundagsskule

Lye forsamlingshus

10:30 Gudsteneste

Dåp, Utegudsteneste i speidarskogen m/grilling

Bryne kyrkje

11:00 Familiefokus

Nattverd, Førehandsstemming kyrkjeval

Bryne kyrkje

19:00 Kveldsgudsteneste

Nattverd, Shalom 30 år, Gudsmøte

i musikken, Førehandsstemming kyrkjeval

10. september

Time kyrkje

15. s i Treeiningstida

11:00 Gudsteneste

Matt 5, 38-48

Dåp

Bryne kyrkje

11:00 Gudsteneste

Dåp, Konfirmantpresentasjon, Jungelgjeng, aktiviteter for store og små

17. september

Undheim kyrkje

16. s i Treeiningstida

10:30 Gudsteneste

Mark 7, 31-37

Jubileumsbåt m/prost, Sundagsskule

Lunden Leirstad

10:30 Gudsteneste

Dåp, Gudsteneste ifbm weekend med Lye/Time

Bryne kyrkje

11:00 Gudsteneste

Dåp, Jungelgjeng, Konfirmantpresentasjon

23. september

Time kyrkje

Laurdag e. 16. s i Treeiningstida Mark 7, 31-37

14:00 Dåpsgudsteneste

24. september

Bryne kyrkje

17. s i Treeiningstida

11:00 Familiefokus

Joh 11, 17-29 og 30-46

Dåp, 4-årsbok

Time kyrkje

11:00 Gudsteneste

Dåp

Bryne kyrkje

19:00 Kveldsgudsteneste

Nattverd, Flyktningmøte v/Frode Klippen